

Norsk Ordbok 2014

ÅRSRAPPORT 2011

Oslo, 13.2.2012

Innholdsregister

Innleiing	3
Manusproduksjon.....	3
Folk og opplæring.....	4
Utvikling av verktøy og utviding av materialet.....	4
Administrasjonen	5
Styret	5
Formidling.....	5
Takk	6
Hovudmål for 2011	7
Delmål	7
A. Rammevilkår	7
B. Manusarbeid	9
C. Utvikling av verktøy.....	11
D. Utviding og forbedring av tilfang.....	12
E. Formidling, informasjon og kompetanseheving.....	15
Vedlegg 1: Årsverk i 2011	18
Vedlegg 2. Publisering og omtale	21
Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet	24

Innleiing

Norsk Ordbok 2014 legg med dette fram årsrapport for 2011. Prosjektets hovudføremål er å redigera *Norsk Ordbok* i tråd med den avtalte produksjonsplanen, og bandproduksjonen er hovudoppgåva i redaksjonen. I heile 2011 har redaksjonen arbeidd med manuskript til band 10 av ordboka. Dette bandet vil dekkja alfabetbolken frå og med substantivet *skodde* til og med adjektivet *stæveleg*. Manuskriptet skulle etter planen sendast ut av redaksjonen og gå til prenting 1. mars 2012, men for skuld for lite kapasitet på redigeringssida er fristen utsett til 14. mars 2012. Ved årsslutt hadde redaksjonen førstegongsredigert 666,18 sider band 10-materiale, og 375,11 av desse sidene hadde i løpet av året gått gjennom alle kvalitetssikringsinstansane i redaksjonen og fått status ”Til korrektur”.

For å nå hovudmålet til prosjektet, set organisasjonen kvart år opp ei rekkje underordna målsetjingar. Desse må i løpet av perioden gjevast prioritet etter kor vesentlege dei er for framdrifta og fullføringa av einskildbanda. Redaksjonen har heile tida eit høgt produksjonspress, og saman med ei litt for knapp bemanning gjer dette at nokre deloppgåver i årsplanen for 2011 ikkje har vore moglege å fullføra. Av dei underordna målsetjingane som var sette opp i årsplanen for 2011, har me likevel gjennomført mange av dei me har vurdert som mest tenlege for produksjon og framdrift. I tillegg har me lagt vekt på tiltak som peikar framover mot prosjekt post 2014.

I motsetnad til dei føregåande åra har me ikkje hatt større utskiftingar i redaksjonen i 2011. Dette året er det berre éi redaktørstilling som har vore utlyst, og denne utlysinga kom etter at ein av redaktørane gjekk av med AFP-pensjon 30.09.11. Fordi me kunne tilsetja ein ferdig opplært redaktør blei det ved dette høvet ikkje naudsynt å starta ny runde av det redaksjonelle grunnopplæringsprogrammet. To redaksjonsassistentar har i perioden gjort seg ferdige med opplæringsåret og fått opprykk til redaktør. 2011 har vore eit vellukka formidlingsår, og redaksjonen har fått positiv respons i fleire forum. I samband med lanseringa av band 9 i februar 2011 fekk prosjektet og ordboksproduktet massiv mediaomtale både i aviser og radio (sjå vedlegg 3).

Manusproduksjon

Redaksjonen har i 2011 nyredigert 666,18 sider av band 10. Årsplanen la opp til 690 sider. Det var eit ambisiøst redigeringsmål ut frå at me året før redigerte 612 sider. Hovudgrunnen til at målet var sett så mykje høgare enn året før, er at 2011 har vore eit normalproduksjonsår der redaksjonen ikkje har måtta setja av tid til ferdigstilling (arbeidet med ferdigstilling av eit band tek 1,5 månader). Redaksjonen strevar heile tida med å halda manuskripta innanfor den strenge omfangsdimensjoneringa. Dette blir vanskelegare etter kvart som materialtilfanget veks, og det er tidkrevjande å arbeida ut manuskript som held seg innanfor oppsett linjetal. Me har i perioden arbeidd med å utvikla verktøy og redaksjonelle løysingar som desse problema kan møtast med, og dette arbeidet ser ut til å ha hjelpt på situasjonen. Dei redaksjonelle rutineane fungerer godt, og manuskriptstraumen til hovudredaktør og fram til korrekturstatus er jamn. Me har gjort eit par små endringar i dei redaksjonelle rutineane i form

av å flytta sitatkontroll-leddet inn før hovudredaktørlesinga og i form av å utvida talet på medlemmar i krysskontroll-leddet. Begge desse tiltaka ser ut til å fungera bra.

Folk og opplæring

I 2011 fullførte to assistentar opplæringsperioden sin. Éin redaktør har 75 % utdanningspermisjon frå stillinga si, og ein annan har 100 % permisjon. For begge desse er det sett inn vikarar. I tillegg har fleire redaktørar gjennom året hatt ulønt omsorgspermisjon i mindre stillingsbrøkar. Redaksjonen har i 2011 dessutan vore råka av at fleire redaktørar har vore ute i sjukmelding over tid. Éin av desse sjukmeldingane er knytt til ein yrkesskade (fall i ei trapp på arbeidsplassen), og det er gjort full HMS-gjennomgang av denne saka.

Ved utgangen av 2011 er 29 personar knytte til redaksjonen i redaktørfunksjon. Éin av desse er i 75 % studiepermisjon, éin har hatt 30 % mellombels pensjonsordning til utgangen av september, og ein annan har vore i 30 % mellombels pensjon heile året. Éin redaktør går i eit mellombels engasjement der løna er dekt av refusjonsmidlar. Administrasjonen tel tre personar (inkl. prosjektdirektør) fordelte på 3 årsverk, og me har dessutan 1,5 stilling sett av til redaksjonssekretærordning. Éin av medarbeidarane i administrasjonen har hatt fødselspermisjon frå og med 7. april 2011 og ut året. I heile denne perioden har me hatt inne vikar. I 2011 har dessutan fem personar vore knytte til prosjektet som vitskaplege assistentar. Sjå vedlegg 1 for eit meir detaljert oversyn over tilsette i redaksjonen, assistentar og talet på effektive årsverk.

Med det talet på redaktørar som redaksjonen no rår over, er me svært sårbare for utskiftingar i staben, og den største risikofaktoren i prosjektet fram mot slutføring er at me mister ferdig opplærte redaktørar. Det må vera eit høgt prioritert mål i siste del av prosjektfasen å bruka ressursar på tiltak som gjer det mogleg å halda på så mange redaksjonelle medarbeidarar som mogleg.

I 2011 har me kompensert tap av redaktørtid med ny redaktørarbeidskraft. Grunnen til dette er at me har hatt ein ferdig opplært redaktør som har vore inne i mellombels engasjement løna med refusjonsmidlar. Dette har gjort oss i stand til å ha ein produksjon som er meir i samsvar med planen enn det me elles ville hatt høve til.

Utvikling av verktøy og utviding av materialet

På utviklingsplanen for 2011 for samarbeidet mellom Eining for digital dokumentasjon (EDD) og NO 2014 stod arbeid med nyskriving av delkomponentar i applikasjonsdatabasen. Dette arbeidet har hatt høg prioritet i perioden, ikkje minst fordi det snart kan bli aktuelt å konvertera maskinane våre over på Windows 7-plattform, som me veit ikkje kommuniserer godt med den gamle redigeringsapplikasjonen vår. EDD har i 2011 konsentrert arbeidet om å utvikla søkjefunksjonalitet for alle databasane, i tillegg til at dei har delteke i tilrettelegging av ordsamlingar til Ordbokshotellet og arbeidd med nye NO 2014-nettsider.

Me fekk i 2011 kr 56 000 i fondsmidlar frå D. A. Seips fond til bruk på korrekturlesing og tilrettelegging av tekstmateriale frå 1895-utgåva av Den 17de Mai før innlegging i Det nynorske tekstkorpuset. I september 2011 blei den nemnde D17M-årgangen innlemma, og korpuset omfattar no meir enn 87 millionar løpeord. Denne materialtilveksten i den eldste delen av korpuset er til stor glede for redigeringsarbeidet, og NO 2014 vil difor gjerne takka D. A. Seips fond for at me fekk midlar til å gjera dette viktige arbeidet ferdig.

I 2011 opphøyrdte avtalen med Unirand-selskapet Digforsk om vederlagsfri elektronisk skanning og korrekturlesing av Norsk Allkunnebok. Grunnen er at NAV Nordland ikkje lenger kunne prioritera å bruka kvalifikasjonsmidlar på den typen praksisplasstiltak som Digforsk driv. NO 2014 er svært godt nøgde med arbeidet Digforsk har gjort for oss, og me ville gjerne halde fram samarbeidet om det hadde vore mogleg å få til.

Me har i 2011 også utvida materialet gjennom at 15 999 nye setlar blei lagde inn i Setelarkivet i løpet av året. Dette er ein mykje større tilvekst enn planlagd, og kan ha samanheng med at den nyskrivne setelapplikasjonsbasen gjer det enklare å leggja inn materiale. I 2011 har me komme eit langt steg vidare i digitaliseringa av kartmaterialet til Norsk Dialektatlas. Arbeidet er finansiert gjennom individuelle forskingsmidlar frå tre av NO-redaktørane. Me har også vidareført arbeidet med registrering og digitalisering av Målføresynopsisene. Dette arbeidet er finansiert av individuelle forskingsmidlar frå 10 NO-redaktørar. Resultata av desse arbeida er presenterte på to fagkonferansar (NFL-konferansen i Lund, mai 2011 og MONS i Tromsø, november 2011). NO 2014 er svært takksame for at medarbeidarane i redaksjonen vel å bruka forskingsmidlane sine på denne typen fellestiltak.

Me har i 2011 teke opp att redaksjonsintern skoling. Den er gjennomført i form av interne redaksjonsseminar som tematiserer sider ved den redaksjonelle praksisen som er fagleg kompleks og bør diskuteras i plenum, eller som redaksjonen treng oppdatering på. Redaksjonen opplever desse seminara som fagleg svært nyttige. Med den stramme produksjonsplanen har me likevel ikkje kunna prioritera seminarsamlingar frå oktober og ut året, men planen er å vidareføra dette tiltaket etter at band 10 er levert til prenting i mars 2012.

NO 2014s rådgjevande gruppeleiar møte har i 2011 hatt fem møte og drøfta 39 redaksjonelle saker.

Administrasjonen

Administrasjonen har i 2011 bestått av prosjektdirektør Åse Wetås, førstekonsulent Andreas Tandberg, konsulent Ragnhild Norheim Førland (01.01.2011-07.04.2011) og konsulent Gunnhild Wentzel (01.04.11.-31.12.11). I tillegg utfører Gudmund Harildstad (80 %) og Håvard Tangen (50 %) redaksjonell støttefunksjon.

Styret

I 2011 har desse vore medlemmer av styret for Norsk Ordbok 2014: Styreleiar Magnus Rindal, varaleiar Randi Alice Nilsen, Inger-Johanne Ullern, Tom Skovdahl (møtande vara), Unn Røyneland, Christian-Emil S. Ore og Dagfinn Rødningen. Styret har hatt fire møte og handsama 38 saker.

Formidling

Ordboksredaksjonen har vore representert på fire fagkonferansar med føredrag i året som gjekk. Ein redaktør heldt føredrag på NFL-symposiet i København i januar 2011. Ein større delegasjon var på nordisk leksikografikongress i Lund i mai 2011, og ein redaktør var på Editorial Board Meeting i Atlas Linguarum Europae i Leeuwarden i juli. Ein redaktør var på Societas Linguistica Europaea-konferanse i Logroño i september, og same månaden deltok ein redaktør på seminar om kystkultur i Volda. Ei større gruppe redaktørar deltok på Møte om

norsk språk (MONS) i Tromsø i november. Éin redaktør var på e-leksikografi-konferanse i Bled same månaden. Til saman har me halde 12 faglege innlegg på desse konferansane, og i tillegg har også medarbeidarar ved EDD formidla NO 2014 i relevante faglege forum. Redaksjonen opplever den faglege formidlinga og deltakinga på fagkonferansar som svært meiningsfull. Høvet til vidare fagleg utvikling er ein viktig føresetnad for at staben greier å halda medarbeidarane motiverte til å møta dei faste og høge produksjonskrava i det daglege.

Også i år deltok me med ei eiga bu på Forskingstorget i Oslo (23.-24. september). Me vil i denne samanhengen takka professorane Harald Bjorvand, Rolf Theil og Tom Schmidt for at dei deltok i formidlinga vår desse dagane. I februar møtte me elevar frå vidaregåande skule på Open dag ved UiO, og i oktober deltok NO 2014 med to føredrag på fagleg-pedagogisk dag for lærarar frå vidaregåande skule. Slike tiltak gjev positiv merksemd til prosjektet vårt, og erfaringa me har fått med å formidla gjennom desse kanalane dei føregåande åra, gjer at me no bruker mindre ressursar på slike arbeidsoppgåver enn det me gjorde.

Takk

Me vil nytta høvet til å takka Stortinget, Kulturdepartementet, Universitetet i Oslo og Institutt for lingvistiske og nordiske studium som har gitt Norsk Ordbok 2014 gode arbeidsvilkår også i 2011.

Oslo, 13.02.12

Åse Wetås
prosjektdirektør

Magnus Rindal
styreleiar

Hovudmål for 2011

Me skal nyskriva 690 sider manuskript til band 10 av Norsk Ordbok.	Redaksjonen produserte 666,18 sider nyskrive manus i 2011.
Me skal føra 400 sider av band 10 gjennom alle ledd av den redaksjonelle kvalitetkontrollen.	Ved årsskiftet låg det i basen 375,11 sider manus med status ”Til korrektur”.

Delmål

A. Rammevilkår

1. Finansiering og organisering

1.1 Finansiering

Mål 2011	
a) Me vil søkja KUD om midlar over statsbudsjettet 2012 innan fristen 1. mars.	Gjennomført.
b) For å sikra prosjektet si framdrift, vil me arbeida for at det blir lagt inn ein auke i driftsmidlane frå UiO i universitetets langtidsbudsjett.	Fakultetsstyret på HF har hatt siste del av prosjektperioden i NO 2014 oppe som orienteringssak på fakultetsstyremøte. Fakultetet legg til grunn ei driftsfinansiering på det nivået me har nå.
c) Me vil, gjennom aktuelle utlysingar i perioden, søkja finansiering til mindre arbeidsoppgåver knytte til tilrettelegging av materiale (jf. pkt. 8c, 9a, 13a).	Redaksjonen fekk lov til å bruka individuelle småforskningsmidlar til vidare felles arbeid med målføresynopsisen og dei digitaliserte dialektkarta (sjå pkt. 9a og pkt. 13a). Me har fått ei løyving på 56 000 frå D. A. Seips fond om midlar til ferdig korrekturlesing og tilrettelegging av 1895-årgangen av D17M. Arbeidet er utført pr. 15. september. Me har fremja ein søknad til UiOs utlysing av midlar til tungt vitenskapleg utstyr om oppbygging av eit digitalt faksimilearkiv av tekst frå perioden 1400-1800. Søknaden er fremja i samarbeid med norrønt v/ Karl-Gunnar Johansson og EDD, og søknaden blei send innan fristen 10. juni 2011. Me fekk avslag frå UiO. Søknaden blei i september 2011 nedskalert og send til HF's utlysing av infrastrukturmidlar for 2012, men heller ikkje der nådde han heilt opp.

1.2 Organisering

Mål 2011	
a) Me vil styrkja arbeidet for at samlingsverksemda blir konsolidert innanfor	Styremøtet 6. juni fekk notat med kartlegging av institusjonaliseringa av

rammene av ILN, samstundes som prosjektet har sitt eige budsjett og administrative handlingsrom.	samlingsverksemda i Noreg, Sverige og Danmark. Styreleiar og prosjektdirektør er i dialog med ILN om denne saka med tanke på å få lyft saka vidare i universitetssystemet.
b) Manuskriptkontroll skal framleis skje ved gruppeleiarane, ved kryssjekkgruppa, ved sitatkontrollen og ved hovudredaktør (men jf. pkt A1c).	For skuld sterkt press for å halda oppe produksjonen i perioden, blei det i 2011 sett i verk tiltak for å fordela kollegalesingsoppgåver jamnare utover i redaksjonen.
c) Me vil laga ei forsøksordning der nyare redaktørar får tilbod om å kollegalesa nokre av dei mest røynde redaktørane. Målet med dette tiltaket er kvalifisering av yngre redaktørar.	Delvis gjennomført. Manus er i første omgang løfta bort frå kollegalesarar med permisjonar, og nye kollegalesarar er sett i sving.
d) Me vil arbeida for å vidareføra god og regelmessig kontakt med ILN.	Dette har vore ei løpande oppgåve i perioden. ILN-leiinga har frå haustsemesteret av komme til lunsj i GA 25 første fredagen i kvar månad, slik at kontakten med den store arbeidstakargruppa her oppe skal bli tettare. ILN har i perioden også vurdert å etablere eit "samlingsråd" for å styrkja fokuset på framtida for samlingsverksemda ved instituttet. ILN signaliserte i slutten av november at dette kjem til å stå på vent til situasjonen for samlingane er meir avklart.

2. Lokalisering og arbeidstilhøve

Mål 2011	
a) Me held regelmessig kontakt med HF og ILN om tidspunktet for ei ev. framtidig utflytting frå GA 25.	Dette har vore ei løpande oppgåve i perioden. Bystyret vedtok i august 2011 reguleringsplan for området, og den inneber riving av GA 25. Teknisk avdeling (TA) ved UiO ønskjer riving så raskt som råd. HF har sendt universitetsdirektøren eit notat om rombehov for samlingsverksemda, samt om krav til kompensasjon for tapte redaktørmånadsverk. TA varsla veka før jul at flytting truleg blir gjennomført sommaren 2012.
b) Me skal arbeida for gode arbeidsforhold for redaksjonsgruppa ved NTNU i den perioden NTNU Dragvoll er under renovering, og ved innflytting i nyrenoverte lokale.	Trondheimsredaksjonen flytta inn i renoverte bygningar 28. november 2011. NO disponerer tre kontor pluss arkivrom til oppstilling av leksikografisk faglitteratur. Instituttbiblioteket ved INL Dragvoll er avvikla, så det har vore viktig for oss å oppretthalda tilgjenge til den viktigaste kjelde- og referanselitteraturen for redaksjonsgruppa vår der.
c) Me skal syta for god tilrettelegging i det nye pauserommet som blir bygd for oss i GA	Pauserommet er ferdig og i dagleg bruk.

25.	
d) Me skal arbeida med å sikra meir tilfredsstillande tilhøve for nettbruk og straumopplegg i GA 25.	Me har fått i stand eit byte til IP-telefonar fordi dei analoge linene er dårlege.
e) Me skal sikra det fysiske arbeidsmiljøet gjennom å arbeida for betre reinhaldsrutinar.	Dette har vore ei løpande oppgåve i perioden. Vernerunde gjennomført fredag 7. oktober. Med riviningsdato i nær framtid blir det ikkje investert i utbetringar. Dette kan vera belastande på det fysiske arbeidsmiljøet, fordi nokre av dei tiltaka som kom fram i vernerunden, ikkje vil bli prioriterte frå UiO.

3. Personale

Mål 2011	
a) Me vil gjera ei tilsetjing i stillinga som blir ledig når ein redaktør går av med pensjon 1. oktober 2011.	Ny redaktør tilsett frå og med 1. oktober 2011.
b) Me vil halda nær kontakt med ILN om å ta inn MA-studentar som har arbeidslivsrelevant MA med 30 studiepoeng ute i verksemd. Desse vil få opplæring i å utføra redaksjonell støttefunksjon.	Opplegget er presentert på orienteringsmøte for nye MA-studentar både vår og haust 2011, men så langt ser dei fleste ILN-studentane ut til å velja tradisjonell MA-oppgåve.
c) Me vil gje relevant opplæring til eventuelle nye redaksjonsassistentar.	Det var ingen nye redaksjonsassistentar i NO i 2011.
d) Om budsjettssituasjonen tillèt det, vil me engasjera hjelp for å utføra ymse redaksjonell støttefunksjon (tagging, normering etc.).	Budsjettet for 2011 var stramt, og me hadde ingen midlar til ekstra redaksjonell støttefunksjon i perioden.
e) Me vil forsøka å få minimum 25,5 produktive redaktørårsverk ut av løyvinga vår.	Rapporten viser at me i 2011 fekk 25,82 produktive årsverk ut av løyvinga vår.
f) Me skal arbeida målretta for å få på plass eit redaktørårsverk nr. 28, med føremål å sikra stabiliteten og framdrifta i det redaksjonelle arbeidet.	Me søkte om dette eine ekstra årsverket i statsbudsjettsøknaden for 2012. KUD fekk i juni eit brev frå NO med utdjuping av argumentasjonen i budsjettsøknaden. Budsjettproposisjonen 6.10. gav ingen midlar til eit ekstra årsverk. NO 2014 har saman med Nynorsk forum vore i Familie- og kulturkomiteen i Stortinget og lagt fram saka for dei. Innstillinga frå komiteen kom 8. desember, og fleirtalet støtta framlegget frå regjeringa.

B. Manusarbeid

4. Band 10

Mål 2011	
a) Band 10 skal etter planen ferdigstillast til 1. mars 2012. For at dette skal vera mogleg å	Det blei førstegongsredigert 666,18 sider. Dette er 23,82 sider bak produksjonsplanen.

gjennomføra, må redaksjonen i løpet av 2011 førstegongsredigera 690 sider manus.	
b) Til band 10 skal det utarbeidast innleiingstekst og bibliografitillegg innan 31. desember.	Me har i perioden vurdert at bibliografien heller bør publiserast på nett i staden for at me legg ved tillegg til einskildbanda. Me tek kontakt med Samlaget for drøfting av dette under sluttproduksjonen av band 10.
c) Me skal utarbeida korrekturinstruks for band 10 før 31. desember.	Gjennomført. Korrekturinstruksen var ferdig til leiarmøtet i NO 2014 8. desember 2011.
d) Me skal i løpet av året utarbeida ein manual for utskrift og ferdigstilling av band.	Gjennomført.
e) Kvalitetskontrollen av artikkelmaterialet skal skje fortløpande.	Skjer fortløpande. Kryssjekkinstruksen blei revidert mai 2011. Tre nye redaktørar blei sette inn i kryssjekkgruppa i november 2011, med tanke på at dei skal vera ferdig opplærte til den store mengda manus kjem i sluttproduksjonen av band 10.
f) Me skal omfordela bolkar omgåande dersom det er redaktørar som ikkje kan redigera ferdig eigne arbeid.	ØE-manuskript er førte i mål av han sjølv. Manus frå redaktør i langtidssjukmelding er overteke av ein annan redaktør.
g) Me skal dimensjonera band 11 før 1. desember.	Gjennomført. Arbeid med oppnormering i dei aktuelle bolkane blei sett til oktober, slik at dimensjoneringa kunne gjerast dei to siste vekene i november. Fem redaktørar har normert i MO ved sida av det daglege arbeidet (HFH, GAa, TS, AE, OG).

5. Arbeid med prosjektverksemd post 2014

Mål 2011	
a) Me skal arbeida med å etablere eit post 2014-prosjekt for revisjon og full elektronisk integrering av band 1-5 av Norsk Ordbok.	Me har bede Samlaget om løyve til å leggja ut PDF av artikkelbolken <i>a-h</i> på nye nettsider. Dette vil visualisera at basen ikkje er komplett, og det vil vonleg styrka framtidig søknad om eit prosjekt for revisjon og elektronisk integrering. Samlaget ønskjer ikkje ei slik løysing. ÅW var på møte i KUD med Nynorsk forum juni 2011, og forumet løfta då fram fullrevisjon som eit viktig nynorsktiltak post 2014.
b) Me vil arbeida med å leggja til rette for nye dialektologi- og leksikografiprojekt i Trondheim for dei tilsette i redaksjonsgruppa ved NTNU etter 2014.	Møte med DKNVS v/generalsekretær 4. februar 2011. Plan: felles dagskonferanse i samband med lansering av band 11 i Trondheim, september 2013. Drøfting av mogleg regionalt dialektsenter i nye DKNVS-lokale med tre tilknytte NO 2014-forskarar frå og med 2015.
c) Me vil bidra til å styrkja ILNs arbeid med nye leksikografiske prosjekt etter fullføringa av Norsk Ordbok 2014.	Løpande dialog med ILN om framtidige prosjekt. Søknad om infrastrukturmidlar til tiltak som peikar framover mot nye post

	2014-oppgåver er oversend HF, men har ikkje blitt prioritert (jf. pkt.1.1 c) . Me har i perioden stått i kontakt med ILN om organisering av samlingsverksemda etter 2014, og det blei i 2011 laga førsteutkast til kvitbok for prosjekt post 2014. Intensivering av arbeidet med NO på nett (jf. også pkt. 5 b).
--	--

C. Utvikling av verktøy

6. Redigeringsapplikasjonen

Mål 2011	
a) Delkomponentane av redigeringsapplikasjonen som framleis er i Delphi, skal nyskrivast i Java. Dette arbeidet hastar det med, og det er spesifisert i årsplanen for samarbeidet EDD-NO 2014 i 2011.	Under arbeid. EDD bruker mykje tid på dette no. I 2012 kjem det ny windows-plattform, og det er usikkert kor lenge UiO kjem til å kjøra Vista-plattformen. Dei gamle Delphi-basane kommuniserer dårleg med Windows 7, og det er difor naudsynt å få alt over i Java så raskt som råd. Fordi vedlikehaldsarbeidet og utarbeidinga av eit felles nytt søkjesystem for alle databasane var svært mykje meir tidkrevjande enn føresett i 2011, er ikkje arbeidet med nyskriving ferdig.
b) NO 2014 skal komma med regelmessig respons til utviklingsarbeidet og levera spesifikasjonar til den nyskrivne redigeringsapplikasjonen.	Etter planen.

7. Elektronisk utgåve av ordboka

Mål 2011	
a) Me skal få på plass ei avtale om rettane til den elektroniske utgåva av ordboka fram til utgangen av 2014.	Samlaget har fått utkast til ei avtale som regulerer dette tilhøvet fram til utgangen av 2014, og Samlaget og ILN har forhandla om motytingar (møte 3.11.2011 mellom Samlaget, ILN og NO 2014). Det er i mellomtida laga ei kortsiktig avtale som gjev NO rett til å publisera eNO i testversjon fram til 1.4.12. ILN og Samlaget må i dialog med Språkrådet om publiseringsrett for e-utgåve av Nynorskordboka, som Samlaget ønskjer at skal gå inn i avtala.
b) Me vil leggja ut ei søkbar elektronisk utgåve av dei delane av ordboka som er fullintegrerte i den elektroniske ordboksdatabasen på dei nye nettsidene til NO 2014.	Under ferdigstilling. Redaksjonen nyredigerer under sterkt tidspress, og arbeidet med nettutgåva må prioriterast lågare i periodar der manusarbeidet er intensivt. Planen var publisering før årsskiftet, men ei sjukmelding på

	programmerarsida gjorde at dette ikkje lét seg gjennomføra.
--	---

8. Setelarkivet (SA)

Mål 2011	
a) Me skal leggja inn resten av funksjonalitetsforbetringane som er planlagde i den nye setelapplikasjonen (lyd og bilete).	Før det kan gjerast ferdig ein programkomponent for lyd og bilete, må det juridiske kring publisering av denne typen innhald klarerast. Det har ikkje blitt gjort i 2011.
b) Me skal merkja opp uidentifiserte setlar til band 11.	Ferdig. På ord med meir enn 500 setlar er det gått gjennom og registrert relevante metadata for dei setlane som har mangla det. Arbeidet er utført som redaksjonell støttefunksjon.
c) Me skal starta arbeidet med å skanna mikrofilm av SA-setlar og byta ut dei gamle faksimilane. Arbeidet føreset ekstern finansiering.	EDD har fått på plass fotoskannar. Det må for 2012 søkjast om ass.-midlar til bruk på skannearbeidet. NO har ikkje hatt ressursar til dette i 2011.

9. Målføresynopsisen

Mål 2011	
a) Me vil vidareføra arbeidet med den digitale synopsisen, slik at det blir mogleg å gjera søk på ord og lokalitet. I perioden skal det utarbeidast ein pilot. Tiltaket føreset ekstern finansiering.	Piloten er fullført med midlar frå ILNs individuelle småforskpott og demonstrert på MONS-konferansen i Tromsø i november 2011. Innskrivinga av data frå protokollane heldt fram ut året.

10. Redigeringshandboka

Mål 2011	
a) Me vil revidera redigeringshandboka på dei punkta der evaluering av arbeidet med band 9 viser at det må gjerast endringar og presiseringar (underoppslag, uttaleopplysningar etc.).	Har vore ei løpande oppgåve i perioden. Tre kapittel er fullreviderte v/HG i 2011.
b) For å nå måla i 10 a) vil me bruka redaksjonsseminaret til å tematisera redaksjonelle problemstillingar.	Me har gjennomført seks seminarsamlingar. Vidare seminarverksemd må stå på vent til etter leveringa av band 10 i mars 2012.
c) Me skal ha ei kontinuerleg utbygging og innarbeiding av redaksjonelle vedtak gjennom heile året	Løpande gjennomført i perioden.

D. Utviding og forbetring av tilfang

11. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2011	
a) Me vil få på plass avtaler med aviser og einskildrettshavarar om levering av	To nye korpusavtalar (rettshavarane til Norsk Allkunnebok, samt Arne Horge). Me

elektronisk tekst til korpus.	arbeider med å reforhandla avtalen med Samlaget, slik at vi får skriftleggjort leveringsformat for tekstane. Saka ligg i Samlaget. Me har i perioden også vore i dialog med Aschehoug om læreboktekstar i naturfag. Dette må forhandlast ferdig i 2012.
b) Me vil engasjera sommarhjelp for å tagga meir tekst for innlegging i korpuset. Dette føreset at me i løpet av våren får tilgjengelege lønsmidlar.	Har ikkje vore mogleg å prioritera, for skuld den økonomiske stoda. Den tagginga som skjer, blir utført av administrasjonen.
c) Me vil forlenga kontrakten med Digforsk slik at den omfattar digitalisering av band 6 av <i>Norsk Allkunnebok</i> .	Digforskvartala galdt ut våren. Digforsk Bø blei lagt ned ved utgangen av juni 2011. Band 6 er ferdig digitalisert. Digforsk har levert attende utstyret dei har lånt.
d) Me vil digitalisera noko etterreformatorisk tekst (<i>Den fyrste morgonblånen</i>) med parallellkorpus. Arbeidet blir gjort som redaksjonell støttefunksjon.	Skanning, OCR-lesing og korrekturlesing er gjennomført v/GH.
e) Me vil prioritera nordnorske skjønnlitterære tekstar for innlegging i tekstkorpuset.	Tiltaket er ikkje gjennomført. Me har laga avtale for Lars Berg-verk, men me har ikkje hatt kapasitet til tagging og innlegging av dei aktuelle tekstane.
f) Me vil arbeida med vidare raffinering av korpuset etter det store nynorske avismaterialet me fekk på plass i korpuset i 2010.	Ny konsulentavtale er på plass med verknad frå 1.7.2011 og ut prosjektperioden etter utlysing i Doffin. Det er i kontrakten lagt inn atterhald om finansiering. D17M 1895 og ei rekkje eldre tekstar er lagde inn, og det er i perioden arbeidd med raffinering av korpusfunksjonalitet (jf. 11 g og h).
g) Me skal arbeida med korpusfunksjonalitet på Norsk Ordboks nye nettsider.	Har vore under arbeid i perioden.
h) Me vil utarbeida ein n-gramfunksjon til bruk på korpustekst. Dette vil gje viktig tilleggsfunksjonalitet i det redaksjonelle arbeidet med handsaming av fraseologi (jf. pkt. 10 a).	Har vore under arbeid i perioden. Gjennomført.
i) Me vil halda fram arbeidet med å tagga opp og leggja inn 1895-årgangen av Den 17. Mai i korpuset. Arbeidet blir gjort som redaksjonell støttefunksjon.	Arbeidet er ferdig og D17M 1895 ligg autotagga i korpuset.

12. Metaordboka

Mål 2011	
a) Me vil normera i Metaordboka (MO) i dei alfabetbolkanane der det går føre seg redigering (dette gjeld i sin heilskap bokstaven s).	Gjennomført.
b) Normering i MO i bolken som høyrer til band 11 skal vera ferdig til 1. desember 2011. Om me får midlar til det, skal dette	For skuld stram økonomi måtte normeringsjobben gå til fordeling i redaksjonen. Tiltaket er gjennomført.

skje ved bruk av assistentar.	
c) Me vil publisera digitaliserte ordsamlingar i Ordbokshotellet.	Det blei i 2011 inngått avtale med 11 rettshavarar til ordsamlingar, og me har motteke 28 samlingar elektronisk.
d) Me vil arbeida vidare med å tagga opp eldre ordsamlingar og leggja dei inn i Ordbokshotellet.	Det blei i 2011 tagga tre eldre ordsamlingar.
e) Me vil gjera tilgjengeleg band 7-10 av Norsk Allkunnebok som artiklar i Ordbokshotellet, og som tekst i korpuset.	Dette har vore under arbeid i perioden, men er tidkrevjande og kan ikkje utførast på kostnad av progresjon i manusarbeidet. Alle forkortingar må løysast opp før teksten kan integrerast. Me bruker den redaksjonelle støttelefunksjonsressursen til GWe til dette arbeidet.
f) Me vil skriva inn og leggja inn i Ordbokshotellet eit utval handskrifter frå Telemark frå Det kongelege bibliotek i København (Add. 106-8 og Add. 108-8).	Tekstane er ferdig innskrivne, men dei er førebels ikkje klare for publisering i Ordbokshotellet.
g) Me skal kopla alle ukopla normalartiklar i NO-basen til MO. Om me får midlar til det, skal dette skje ved bruk av assistentar.	Har blitt gjort i perioden, men utan assistentmidlar.

13. Digitale målførekart

Mål 2011	
a) Me vil fullføra dataregistreringa av Norsk dialektatlas-kart med notat. Tiltaket føreset ekstern finansiering.	Tiltaket er gjennomført med småforskmidlar frå ILN. Desse blei brukte på eit månadsverk programmeringshjelp. Resultatet er presentert på NFL-konferansen i Lund i Sverige i mai 2011 og på MONS i Tromsø i november 2011.
b) Me vil gjera ferdig arbeidet med ei nettpubliseringsløyising for dei digitale målførekart. Tiltaket føreset ekstern finansiering.	Innvilga småforskmidlar (DW, OG, OA) nytta til dette (jf. 13 a).
c) Me vil gå i dialog med Statens kartverk for å få til ein digital versjon av kommunekartet frå 1947.	Gjennomført.

14. Nytt tilfang

Mål 2011	
a) Me tek sikte på å registrera 10 000 nye oppslag i SA i 2011.	15 999 setlar blei nyregistrerte i SA med 2011 som registreringsår.
b) Me vil kartleggja og samla inn evt. lokale ordsamlingar som kjem i perioden.	Har vore ei løpande oppgåve i perioden.

E. Formidling, informasjon og kompetanseheving

15. Formidling og informasjon

Mål 2011	
a) Me vil lansera Norsk Ordbok band 9 i eit eige arrangement 17. februar 2011.	Gjennomført.
b) I samband med arrangementet vil me arbeida for å få god dekning i media.	Gjennomført med stor mediedekning (jf. vedlegg 3)
c) Me vil delta på Fagleg-pedagogisk dag for lærarar i vidaregåande skule 27. oktober.	Gjennomført med to føredrag (ÅW og SBO/TO). God omtale i evalueringa.
d) Me vil delta på Open dag for elevar frå vidaregåande skule 10. mars. Føresetnaden for deltakinga er at administrasjonen tek hovudtyngda av arrangementsansvaret.	Gjennomført med stort besøk (AT, ÅW, KG, TS, OG).
e) Me vil lansera den nye nettstaden til Norsk Ordbok i eit eige arrangement i oktober 2011. Dette arrangementet ønskjer me å leggja inn i 200-årsfeiringa for UiO.	Arbeidet med nettstaden har teke lenger tid enn føresettd fordi dette arbeidet ikkje kan komma i vegen for redigeringsprogresjonen. Lanseringa er utsett til 2012.
f) Me vil ha bu på Forskingstorget i september 2011. Føresetnaden for deltakinga er at administrasjonen tek hovudtyngda av arrangementsansvaret.	Gjennomført med godt oppmøte (AT, GWe, IL, ANN, OG, KG, TS og ÅW).
